



TYSNES KOMMUNE

Permisjonsreglement

Vedteke i kommunestyret 20.05.21



Innhold

Formål.....	3
FELLESREGLAR	3
1.1 Omfang.....	3
1.2 Anna lov- og avtaleverk.....	3
1.3 Vurdering av søknad.....	3
1.4 Rullering og endring av reglement	3
1.5 Mynde til å handsama søknader om permisjon	3
FORELDREPERMISJON.....	4
2.1 Melding om permisjon.....	4
2.2 Rett til permisjon	4
2.3 Løna fødselspermisjon	4
2.4 Ny tilsvarende permisjon	5
2.5 Omsorgspermisjon for far/partner	5
2.6 Gradert uttak av foreldrepermisjon.....	5
2.7 Utvida omsorgspermisjon	6
2.8 Fri ved amming.....	6
REDUSERT ARBEIDSTID	6
PERMISJON VED EIGEN OG BARNES SJKDOM	7
4.1 Melding om fråvær grunna sjukdom	7
4.2 Eigenmelding.....	7
4.3 Langvarig sjukefråvær	8
4.4 Vitjing hos lege, tannlege, fysioterapeut m.v.	8
4.5 Fri ved sjukdom for barn eller barnepassar	9
4.6 Følgje av barn eller andre arbeidstakaren har omsorg for til lege, tannlege, m.v.	9
4.7 Pleie av nære pårørande, opplæring til arbeidstakar med omsorg for funksjonshemma barn.	9
4.8 Sjukdom i næraste familie	10
PERMISJON VED OPPLÆRING OG UTDANNING	10
5.1 Søknad om utdanningspermisjon	11
5.2 Grunn-, vidare- og etterutdanning.....	11
5.3 Bindingstid	12
5.4 Eksamensdagar	12
5.5 Tillitsvalde - opplæring.....	13

PERMISJON I SAMBAND MED ANNA STILLING / FRIÅR	13
6.1 Fri ved overgang til anna stilling	13
6.2 Anna stilling i kommunen	13
6.3 Stilling utanfor kommunen	13
6.4 Friår	14
TILLITSVERV / OMBOD	14
7.1 Offentlege tillitsverv/ombod	14
7.2 Nominasjon	15
7.3 Tillitsverv i arbeidstakarorganisasjonane	15
7.4 Andre tillitsverv	15
VELFERDSPERMISJONAR	15
8.1 Generelt	15
8.2 Dødsfall	16
8.3 Tilvenjing av barn i barnehage	16
8.4 Følgje av barn på skulen/skulefritidsordning	16
8.5 Førskuledag/innskrivingsdag	16
8.6 Permisjon til eige bryllaup	17
8.7 Dåp og konfirmasjon	17
8.8 Husbygging/istandsetjing av eige hus/husvære	17
8.9 Flytting til annan bustad	17
8.10 Deltaking i større idretts- og/eller kulturarrangement	17
8.11 Andre velferdspermisjonar	18
ANDRE PERMISJONAR	18
9.1 Deltaking i hjelpekorps	18
9.2 Arbeid i utviklingsland eller internasjonalt arbeid	18
9.3 Særskilde tenestefrigrunnar	18
9.4 Vernepliktige	19
LØN OG ANSIENNITET	19
10.1 Permisjon og ansiennitet	19
10.2 Permisjon og pensjonsmedlemskap	19
10.3 Permisjon og feriepengar	19

Formål

Hovudføre mål med reglementet er å informera om dei viktigaste reglane som får innverknad ved søknad om permisjon i Tysnes kommune. Det skal òg gjera arbeidstakarane kjende med kommunen sin personal- og utdanningspolitikk. Dertil er reglementet meint som støtte i handsaming av søknader om permisjon.

1 FELLESREGLAR

1.1 Omfang

Reglementet gjeld for alle arbeidstakarar i Tysnes kommune i eit fast forpliktande arbeidsforhold med ei på førehand fastsett arbeidstid.

Deltidstilsette vert gjeve permisjon i høve til storleiken på stillinga.

1.2 Anna lov- og avtaleverk

Reglane i reglementet gjeld ikkje når dei strid mot ufråvikelege lovreglar, bindande føresegner og reglement, eller kollektive avtalar der kommunen er part.

Reglementet gjeld der det ligg føre strid mot tidlegare reglement eller sedvane i Tysnes kommune.

1.3 Vurdering av søknad

Ved handsaming av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal det takast nødvendige omsyn til budsjettammer, personellsituasjon og driftsomsyn. Det skal gjerast ei konkret vurdering om innvilga permisjon vil vera til føremon eller ulempe for rammer og mål i verksemda.

1.4 Rullering og endring av reglement

Det ligg til rådmannen å gjera endringar av reglementet som gjeld oppdatering av tilvisingar til lov- og avtaleverk, samt tilsvarande endringar som ikkje er knytt til innhaldsendringar.

Det ligg til administrasjonsutvalet å gjera endringar i innhaldet i reglementet.

1.5 Mynde til å handsama søknader om permisjon

Rådmannen avgjer permisjonssøknader etter dette reglementet så sant søknadene ikkje er av «prinsipiell betydning». Administrasjonsutvalet avgjer søknader av «prinsipiell betydning» og dei som etter reglementet ikkje er delegerte til rådmannen.



Notat om handsaming av permisjonssøknad

2 FORELDREPERMISJON	Alle søknadar etter dette punktet vert handsama av personalavdelinga, etter tilråding frå fagetat.
2.1 Melding om permisjon Melding om foreldrepermisjon, utvida omsorgspermisjon og adopsjonspermisjon, skal sendast i god tid; helst 3 månader før permisjonsstart.	Melding skal gis på eget skjema, og leverast til nærmaste leiar.
2.2 Rett til permisjon Etter arbeidsmiljøloven § 12-5 har foreldra til sammen rett på permisjon i 12 månader.	Permisjonen er løna i den tida ein har rett til foreldrepengar frå NAV, sjå punkt 2.3.
2.3 Løna fødselspermisjon Løn under permisjon vert gitt for same tidsrom som arbeidstakaren har rett på foreldrepengar frå NAV. Full løn eller 80 % løn, avhengig av kva dekningsgrad den tilsette vel. For å ha rett til foreldrepengar frå NAV må den tilsette ha hatt løn, eller yting frå NAV som vert likestilt med løn, i 6 av dei 10 siste månaden før permisjonen startar. Tysnes kommune betaler løn under permisjon og får refusjon frå NAV, under forutsetning at arbeidstakar har tiltråd stillinga si i kommunen. Endringar i løn under permisjonen skal	Sjå vilkår: www.nav.no Tilsette utan rett til løna permisjon har rett til uløna permisjon jf. punkt 2.2.



<p>iverksett på same måte som om den tilsette var i arbeid.</p>	
<p>2.4 Ny tilsvarande permisjon</p> <p>Arbeidstakar som har hatt løna permisjon etter punkt 2, må ha tiltrådd stillinga igjen for å få løn under ein ny permisjon.</p>	
<p>2.5 Omsorgspermisjon for far/partner</p> <p>I samband med fødsel har far/medmor rett på 2 veker omsorgspermisjon med løn, dersom vedkommande bur saman med mor og nyttar tida til omsorg for familie og heim.</p> <p>Omsorgsperson som ikkje har biologisk foreldreskap har rett til 2 vekers omsorgspermisjon dersom vedkommande lever i registrert partnerskap, eller er sambuar i ekteskapsliknande forhold med felles adresse dei to siste åra.</p>	<p>Aml. § 12-3</p> <p>HTA § 8.3.5</p>
<p>2.6 Gradert uttak av foreldrepermisjon</p> <p>Det kan gjerast avtale mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar om gradert uttak av fødselspengar for heile permisjonstida, med unntak av dei 9 vekene som er halde av for mor i samband med fødsel.</p> <p>Uttak av stønad kan ikkje strekkast lenger enn til barnet fyller 3 år, jf. folketrygdloven § 14-10.</p> <p>Avtalen kan endrast eller avsluttast når særlege grunnar gjer det nødvendig.</p>	<p>Dersom den tilsette sitt ønskje om gradert uttak er til ulempe for drifta - kan søknaden verta avslått.</p> <p>Gradert uttak vert rekna ut frå full stilling.</p>



<p>2.7 Utvida omsorgspermisjon</p> <p>Kvar av foreldra kan i tillegg til løna fødselspermisjon, ta inntil 1 år permisjon utan løn for kvar fødsel. Permisjonen må knytast til fødselspermisjonen.</p> <p>Arbeidstakar skal gje beskjed til leiar om permisjonsønskje så snart som mogeleg, og seinast 3 månader på førehand.</p> <p>Arbeidstakarar som er åleine om omsorga for barnet, har rett til permisjon etter dette punkt i inntil 2 år.</p>	<p>Ved gradert omsorgspermisjon, eller når foreldrepermisjon har vært tatt ut gradert: dersom uttak er til ulempe for drifta - kan søknaden verta avslått.</p>
<p>2.8 Fri ved amming</p> <p>Arbeidstakar kan få fri til å amme sitte barn i inntil 2 timer per dag, så lenge det er naudsynt med omsyn til amming.</p> <p>For deltidstilsette med redusert arbeidsdag vert det gjeve ei forholdsvis avrekning av løna fritid.</p> <p>Arbeidsgjevar kan be om stadfesting på amming.</p>	<p>HTA § 8.3.4 Aml. § 12-8</p>
<p>3 REDUSERT ARBEIDSTID</p>	
<p>Ein arbeidstakar som av helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar har trong for å få redusert arbeidstida si, har rett til dette dersom reduksjon av arbeidstid kan verta gjennomført utan særlege ulemper for verksemda. Reduksjon i arbeidstid kan verta teken ut som arbeidsfrie periodar, jf. arbeidsmiljølova § 10-2 (4).</p>	<p>Alle søknadar vert om permisjon etter dette punktet vert handsama av personalavdelinga.</p>



<h2>4 PERMISJON VED EIGEN OG BARNES SJUKDOM</h2>	
<h3>4.1 Melding om fråvær grunna sjukdom</h3> <p>Alt sjukefråvær skal meldast munnleg til næraste leiar så snart som mogleg, det skal leverast skriftleg dokumentasjon seinast første dag etter sjukeperioden.</p> <p>Ved lengre sjukefråvær skal arbeidsgjevar få dokumentasjon så snart denne ligg føre.</p>	<p>Retten til løn under sjukdom kan bortfalle dersomm fråværet ikkje vert tilstrekkelig dokumentert jf. HTA kap. 1 § 8.2.3.1 og Folketrygdloven § 8-26.</p>
<h3>4.2 Eigenmelding</h3> <p>Eigenmelding kan nyttast av dei som har vore tilsett i Tysnes kommune i meir enn 2 månader.</p> <p>Tysnes kommune har vedteke utvida rett til å nytte eigenmelding. Det vil sei at eigenmelding kan nyttas i heile arbeidsgivarperioden; altså dei første 16 kalenderdagane av eit sjukefråvær.</p> <p>Skjema for eigenmelding med utvida funksjonsvurdering skal nyttast.</p> <p>Frå 17. dag er det krav om sjukemelding.</p> <p>Arbeidsgjevar kan krevja dokumentasjon frå lege frå 1. fråværsdag dersom denne har grunnlag for å tru at fråværet ikkje skuldast sjukdom. Dette gjeld sjølv om den tilsette ikkje har brukt opp eigenmeldingar.</p> <p>Dersom det ligg føre misbruk av ordninga kan arbeidsgjevar trekkje tilbake arbeidstakaren sin rett til å nytta eigenmelding.</p>	<p>Vær merksam på at det er snakk om kalenderdagar. Dagar med arbeidsfri mellom to sjukdomsperiodar, til dømes laurdag og søndag, reknast også med i dei 16 dagane.</p> <p>Fråværsperiodar med mindre enn 16 kalenderdagar mellom, må reknas samene.</p> <p>Sjå meir i rutine for oppfølging av sjukemeldte, og kontakt personal/løn ved tvilstilfelle.</p>



<p>4.3 Langvarig sjukefråvær</p> <p>Oppfølging av den sjukmeldte fortsetter inntil den tilsette er tilbake i jobb eller til arbeidsforholdet vert avslutta. Det skal ikkje søkast permisjon etter maksdato, men utarbeidast ein tilretteleggingsplan.</p>	<p>Sjå retningsline for oppfølging av sjukemeldt arbeidstakar.</p>
<p>4.4 Vitjing hos lege, tannlege, fysioterapeut m.v.</p> <p>Konsultasjon og behandling hos lege/tannlege i og utanfor Tysnes kommune bør leggas utanfor arbeidstid, eller utanfor kjernetid for tilsette som har fleksitid. Dersom dette ikkje er mogleg kan det gjevast permisjon med løn om arbeidssituasjonen tillet det. Det skal i søknaden grunngjevast kvifor konsultasjonen ikkje kan leggjast til fritida.</p> <p>I samband med behov for tilsyn av helsefagleg spesialist vert det normalt gjeve permisjon med løn. For permisjonar utanfor kommunen kan det etter vurdering i det einskilde tilfelle gjevast permisjon med løn for behandlingdagen(ane) pluss eventuelle reisedagar.</p> <p>Ved vitjing hjå allmennlege eller tannlege kan det gjevast permisjon med løn inntil 2 timar, jf. første avsnitt.</p> <p>Behandling hos t.d. kiropraktor, akupunktør, soneterapeut og liknande gjev som hovudregel ikkje rett til løna permisjon.</p>	<p>Søknad om permisjon etter dette punktet kan handsammas av nærmaste leiar, og trenger ikkje arkiverast i personalmappa.</p> <p>For deltidstilsette som ikkje har arbeid kvar vekedag, forventar arbeidsgjevar større fleksibilitet hos den tilsette til å legge legebepesøk mv.på dagar utan arbeid.</p> <p>Det er ikkje naudsynt å søkje skriftlig om permisjon inntil 2 timar. Dette kan avtalast munnleg med nærmaste leiar – med mindre leiar ønskjer skriftlig melding.</p>



<p>4.5 Fri ved sjukdom for barn eller barnepassar</p> <p>Tilsette med omsorg for barn under 12 år, har rett til omsorgspengar ved barnets, eller barnepassars sjukdom. Retten gjeld ut det kalenderåret barnet fyller 12 år.</p> <p>Den som har utvida rett til omsorgsdagar etter vedtak frå NAV, må legge fram vedtaket for arbeidsgjevar.</p> <p>Fråvær kan dokumenterast med eigenmelding når arbeidstakar har vore tilsett i 4 veker. Ved fråvær utover 3 kalenderdagar kan arbeidsgjevar be om at fråværet vert dokumentert med legemelding for barn/barnepassar.</p>	<p>Kor mange dagar per kalenderår: sjå oversikt over omsorgsdagar på nav.no</p> <p>Utvida rett av andre grunnar enn tall på barn: sjå vedtak frå NAV.</p>
<p>4.6 Følgje av barn eller andre arbeidstakaren har omsorg for til lege, tannlege, m.v.</p> <p>Følgje av barn under 12 år til konsultasjon og behandling hos helsepersonell vert gjeve som omsorgsdagar.</p> <p>Konsultasjon og behandling hos lege/tannlege i og utanfor Tysnes kommune bør leggas utanfor arbeidstid, eller utanfor kjernetid for tilsette som har fleksitid.</p> <p>Det skal grunngjevast i søknaden kvifor det er den eine av foreldra som skal følgja barnet.</p> <p>For følgje av barn over 12 år og andre arbeidstakaren har omsorg år til lege/tannlege mv., kan ein søkja om permisjon utan løn.</p>	
<p>4.7 Pleie av nære pårørande, opplæring til arbeidstakar med omsorg for funksjonshemma barn.</p> <p>Tilsette som har rett til pleiepengar etter folketrygdloven kapittel 9</p>	<p>Tysnes kommune sin</p>



<p>i samband med pleie av pårørende, har rett til permisjon tilsvarande den tida det utbetalast stønad for.</p> <p>Tilsette med omsorg for funksjonshemma barn kan ha rett til opplæringspengar etter folketrygdloven kapittel 9, og rett til permisjon tilsvarande den tida det utbetalast stønad for.</p>	<p>praksis er å gje permsisjon med løn, for å søkje refusjon i pleie- eller opplæringspengar frå NAV.</p>
<p>4.8 Sjukdom i næraste familie</p> <p>Ved akutt og alvorleg sjukdom, eller alvorleg sjukdom i livet si slutfase i næraste familie (ektefelle, foreldre, barn eller andre som står arbeidstakaren nær) vert det gjeve permisjon med løn i inntil 5 dagar per år.</p> <p>Permisjon utover desse dagane vert gitt utan løn.</p> <p>Ved mindre alvorlege sjukdomstilfelle og planlagt behandling/operasjon kan det gjevast inntil 3 dagar permisjon utan løn.</p> <p>Arbeidsmiljøloven § 12-10 gjev rett til 10 dagar med permisjon utan løn per kalenderår for nødvendig omsorg til foreldre, ektefelle/samboer og kronisk sjuke eller funksjonshemma barn over 18 år med tildligare vedtak om utvida omsorgsdagar frå NAV, etter ftl. § 9-6, 2. ledd.</p>	<p>Tysnes kommunen praktiserer 5 av desse dagane som permisjon med løn jf. første avsnitt.</p>

<p>5 PERMISJON VED OPPLÆRING OG UTDANNING</p>	
<p>Utdanningspermisjon er permisjon i samband med studiar, skulegang, kurs, seminar og liknande.</p> <p>Utdanningspermisjon kan gjevast når verksemda har trong for den kompetansen som arbeidstakar vil tileigna seg.</p>	<p>Søknade om permisjon i samband med opplæring og utdanning vert handsama av personal, etter tilråding frå fagetat, med unntak av</p>



<p>Utdanningspermisjon kan også gjevast når arbeidstakar har trong for eigenutvikling.</p> <p>Kurs, seminar og liknande som arbeidstakar vert pålagt å delta på er å rekna som ein del av tenesta, slik opplæring skal ein ikkje søkja permisjon for.</p>	<p>permisjon etter punkt 5.4</p>
<p>5.1 Søknad om utdanningspermisjon</p> <p>Søknad om permisjon til utdanning må leggjast fram i god tid før utdanninga tek til.</p> <p>Arbeidsgjevar kan krevja at vikarspørsmålet er tilfredsstillande løyst før permisjonen kan ta til.</p>	
<p>5.2 Grunn-, vidare- og etterutdanning</p> <p>Arbeidstakarar som har vore tilsett i Tysnes kommune i to år, og som har vore i arbeidslivet i minst tre år, har rett til utdanningspermisjon i inntil 3 år, så langt det ikkje er til hinder for arbeidsgjevars planlegging av drift og personaldisponering.</p> <p>Dersom det er behov for permisjon i samband med utdanning som har verdi for både arbeidstakar og arbeidsgjevar skal det verta gjeve permisjon, så langt ikkje særlege omsyn talar mot det.</p> <p>Permisjon vert normalt gjeve utan løn for inntil 1 år om gangen.</p> <p>Permisjon med heil eller delvis løn kan verta gitt når utdanninga skjer som følgje av dei behov arbeidsgjevar har for ajourføring og utvikling innan vedkommande stilling. Arbeidsgjevar står fritt til å vurdera slike behov.</p>	<p>Rett til utdanningspermisjon vert regulert av arbeidsmiljølova § 12-11, og HTA § 14.2 – 14.3</p>



<p>5.3 Bindingstid</p> <p>Bindingstid kan avtalast dersom kommunen ved opplæringa yt vesentlig økonomisk støtte.</p> <p>Bindingstid vert maksimalt sett til 2 år.</p> <p>Bindingstida vert avtent berre ved faktisk arbeid. Lengre fråvær som til dømes permisjonar eller sjukefråvær, vert ikkje rekna som avtening av bindingstid. Det vil gje forskyving i bindingstida tilsvarande lengda på fråvær. Med «lengre fråvær» meinast fråvær utover 2 månader. Lovbestemt fødsels- og foreldrepermisjon vil ikkje forskyve bindingstida.</p> <p>Dersom arbeidstakar med plikttjeneste seier opp stillinga si, vert stønad ved utdanning høvesvis avrekna og trekt ved siste lønsbetaling. Med stønad vert her forstått kostnader til materiell og kostnader knytt til at arbeidstakaren har fått fri med løn. Det skal ved kvart tilfelle lagast ein skriftleg avtale om summen av stønad som kan bli trekt, og korleis den vert redusert undervegs i avtening av bindingstiden.</p>	
<p>5.4 Eksamensdagar</p> <p>I samband med eksamen der faget er relevant for kommunen, vert det gjeve permisjon med løn. I tillegg vert det gjeve permisjon med løn inntil 2 lesedagar rett før eksamen. Dersom faget ikkje er relevant for arbeidsgjevar, vert det gjeve permisjon utan løn.</p> <p>Det er ein føresetnad at vedkommande ville hatt ordinært arbeid (ekstravakter fell utanfor) dei to dagane umiddelbart før eksamen, og at faget er relevant for kommunen.</p> <p>For andre eksamensformar, som til dømes eksamen over ei veke, kan andre løysingar drøftas.</p>	<p>Søknad om permisjon etter dette punktet kan handsammas av nærmaste leiar</p> <p>Her vert det vist til hovedariffavtalen § 14.4.</p>



<p>5.5 Tillitsvalde - opplæring</p> <p>Tillitsvalde sin rett til opplæring som har relevans for deira funksjon som tillitsvalde vert regulert av HA del B 3-6.</p>	

<p>6 PERMISJON I SAMBAND MED ANNA STILLING / FRIÅR</p>	
<p>6.1 Fri ved overgang til anna stilling</p> <p>Som hovudregel vert det ikkje gjeve permisjon ved overgang til ny stilling i eller utanfor kommunen.</p>	<p>Søknad om permisjon etter dette punktet vert handsamma av personal etter tilråding frå fagetat.</p>
<p>6.2 Anna stilling i kommunen</p> <p>Permisjon utan løn kan gjevast i tilfelle der permisjonen gjeld stilling eller vikariat av større lengd.</p>	<p>Søknadar etter punkt 6.1 – 6.4 skal vurderast på linje med andre permisjonar som ikkje er lov- eller avtalefesta, jf. punkt 1.3:</p> <p><i>Ved handsaming av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal det takast nødvendige omsyn til budsjettrammer, personellsituasjon og driftsomsyn. Det skal gjerast ei konkret vurdering om innvilga permisjon vil vera til føremon eller ulempe for rammer og mål i verksemda.</i></p>
<p>6.3 Stilling utanfor kommunen</p> <p>Uløna permisjon kan vurderast dersom fråværet gjeld stilling som gjev arbeidstakaren ei fagleg utvikling som er til nytte for kommunen.</p> <p>Det bør vera ein føresetnad at arbeidstakar skal tilbake i stillinga si etter permisjonen.</p> <p>Permisjon etter dette punkt må sjåast i samanheng med tenestetid i</p>	



kommunen.	
<p>6.4 Friår</p> <p>Det kan søkjast om eit friår der arbeidstakar har særskilt grunngjeving for dette.</p> <p>Det kan ikkje påreknast slik permisjon.</p>	Sjå notat over.

7 TILLITSVERV / OMBOD	
<p>7.1 Offentlege tillitsverv/ombod</p> <p>Med offentlege tillitsverv vert her forstått ombod som er oppretta ved lov eller heimel i lov, og som vedkomande arbeidstakar ikkje kan nekta å ta imot med mindre det ligg føre grunnar til fritaking.</p> <p>Arbeidstakar som er pålagt å utføra kommunale eller andre offentlege tillitsverv, vert innvilga som permisjon med løn.</p> <p>Retten til permisjon med løn gjeld også om tillitsvervet vert utøvd i ein annan kommune.</p> <p>Dersom tillitsvervet medfører særskilt godtgjersle, kan kommunen gjera frådrag frå denne summen. Det kan ikkje gjerast frådrag for møte- og diettgodtgjersle.</p> <p>Arbeidstakarar som er kalt inn som vitne for domstolane, kan få permisjon utan løn for den tida ein er innkalt til retten, samt evt. reisetid.</p>	<p>Søknad vert handsamma av personal etter tilråding frå fagetat.</p> <p>Kommunen stadfester tapt arbeidsfortjeneste overfor domstolen.</p>



<p>7.2 Nominasjon</p> <p>Arbeidstakar som vert valt som utsending til nominasjonsmøte ved stortingsval, fylkestingsval eller kommuneval vert gjeven permisjon med løn.</p>	<p>Søknad vert handsamma av personal etter tilråding frå fagetat.</p>
<p>7.3 Tillitsverv i arbeidstakarorganisasjonane</p> <p>Tillitsvalde sin rett til permisjon for å utføra oppgåvene sine og for deltaking i organisatorisk arbeid i arbeidstakarorganisasjon vert regulert av Hovudavtalen.</p>	<p>Søknad vert handsama av personal.</p> <p>Andre verv innan fagorganisasjonen vert vurdert etter permreglementet 7.4.</p>
<p>7.4 Andre tillitsverv</p> <p>Kommunen kan etter vurdering innvilga permisjon utan løn for utøving av andre tillitsverv. Dersom det ligg føre særskilde grunnar kan det gjevast permisjon med løn.</p>	<p>Søknad vert handsamma av nærmast leiar.</p>
<p>8 VELFERDSPERMISJONAR</p>	<p>Søknad om permisjon etter dette punktet vert handsamma av nærmast leiar.</p>
<p>8.1 Generelt</p> <p>Velferdspemisjonar med løn, etter pkt. 7.2 – 7.11 vert maksimalt gitt for 12 arbeidsdagar med full løn eller 24 arbeidsdagar med halv løn per kalenderåret.</p>	<p>Fri utover dette dagtalet, eller utover maks dagtal for dei ulike permisjonstypene, må i tilfelle tas ut som ferie eller gis som permisjon</p>



	utan løn.
<p>8.2 Dødsfall</p> <p>Ved dødsfall i næraste familie, eller andre som står arbeidstakaren nær, kan det gjevast permisjon med løn i inntil 3 dagar. Eventuelle reisedagar kjem i tillegg.</p>	
<p>8.3 Tilvenjing av barn i barnehage</p> <p>For tilvenjing av barn i barnehage vert det innvilga løna permisjon i inntil 3 dagar år når arbeidstakaren må vera til stades hos barnet dei første dagane i daginstitusjon/barnehage.</p> <p>Me føreset at slikt nærvær er naudsynt og at ikkje andre familiemedlemer kan påta seg tilvenjinga.</p>	
<p>8.4 Følgje av barn på skulen/skulefritidsordning</p> <p>Arbeidstakar som har omsorg for barn, kan gjevast permisjon med løn inntil 1 dag for å følgja barnet på skulen/skulefritidsordninga den dagen barnet byrjar i første klasse/skulefritidsordninga.</p>	
<p>8.5 Førskuledag/innskrivingsdag</p> <p>Dersom innskrivingsdagen vert lagt før skulen startar, kan det også gjevast permisjon med løn inntil 1 dag for å følgja barnet også denne dagen.</p> <p>Det må grunngjevast kvifor det er den eine av foreldra som må følgja denne dagen.</p>	



<p>8.6 Permisjon til eige bryllaup</p> <p>For eige bryllaup kan det gjevast løna permisjon 1 dag.</p> <p>Permisjonsdagen kan enten takast ut bryllaupsdagen, eller føregåande/etterfølgjande dag, dersom denne er arbeidsdag.</p>	
<p>8.7 Dåp og konfirmasjon</p> <p>Arbeidstakar får tenestefri med løn i høve egne barn sin konfirmasjons- og dåpsdag dersom desse dagane fell på arbeidsdagar.</p>	
<p>8.8 Husbygging/istandsetjing av eige hus/husvære</p> <p>Til husbygging og istandsetjing av eige hus/husvære kan det innvilgast permisjon med løn i inntil 2 dagar.</p>	
<p>8.9 Flytting til annan bustad</p> <p>Dersom flytting er naudsynt ved skifte av arbeidsstad hos ein og same arbeidsgjevar vert det gjeve permisjon med løn inntil 1 dag.</p>	
<p>8.10 Deltaking i større idretts- og/eller kulturarrangement</p> <p>Ved deltaking i internasjonale idretts- eller kulturarrangement, landskampar o.l. kan det gjevast permisjon med løn inntil 5 dagar.</p>	



<p>Ved deltaking i finalen i Noregsmeisterskap kan det gjevast permisjon med løn i inntil 2 dagar.</p> <p>Ordninga kan også omfatta leiarar.</p>	
<p>8.11 Andre velferdspermisjonar</p> <p>Der ein finn det rimeleg kan permisjon med eller utan løn innvilgast for andre velferdsføremål etter konkret vurdering.</p>	
<p>9 ANDRE PERMISJONAR</p>	
<p>9.1 Deltaking i hjelpekorps</p> <p>Arbeidstakar som er knytt til hjelpekorps, vert innvilga permisjon med løn i samband med utrykning til hjelp for nødstilte.</p>	
<p>9.2 Arbeid i utviklingsland eller internasjonalt arbeid</p> <p>Administrasjonsutvalet kan gje permisjon utan løn frå heile eller delar av stillinga når permisjonssøknaden er grunngjeven med arbeid i norske hjelpetiltak i offentleg regi i utviklingsland eller arbeid i internasjonale organisasjonar.</p>	
<p>9.3 Særskilde tenestefrigrunnar</p> <p>Administrasjonsutvalet kan gje permisjon utan løn frå heile eller delar av stillinga i inntil 1 år om gangen når søknaden vert</p>	



grunnngjeven med særskilde tenestefrigrunnar.	
<p>9.4 Vernepliktige</p> <p>Det vert vist til HTA § 9.</p>	

10 LØN OG ANSIENNITET

10.1 Permisjon og ansiennitet

Følgjande permisjonar gjev opptening av ansiennitet i permisjonstida:

- Permisjon med heil eller delvis løn.
- Permisjon utan løn under 3 månader.
- Fødselspermisjon i inntil 2 år.
- Vidareutdanning etter pkt 5.2 i inntil 1 år.
- Tvungen verneplikt.
- Permisjon etter pkt 1.4 i seniorpolitiske retningliner i inntil 1 år.
- Uløna permisjon for å utføra offentlege ombod, og ombod i arbeidstakarorganisasjonane.

10.2 Permisjon og pensjonsmedlemskap

Arbeidstakarar som får permisjon utan løn lenger enn 1 måned, skal meldast ut av pensjonsordninga.

Tilsette med uløna utdanningspermisjon beheldt sitt medlemskap i inntil fire år, dersom utdanninga er relevant for stillinga.

For friviljug medlemskap må arbeidstakaren sjølv ta kontakt med KLP eller STP.

10.3 Permisjon og feriepengar

Løna permisjon gjev rett til ferie og feriepengar.

For permisjon med yting etter lov om folketrygd, og for pliktig militærtjeneste, vert det vist til ferielova § 10, og til Folketrygdloven.

